



Høyring om Temaplan for landbruk i Hordaland

Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 skal bidra til å sikre ei berekraftig vidareutvikling av landbruket i Hordaland. Kommunar, relevante organisasjonar og andre interesserte kan no gi innspel før planen skal til politisk behandling.

Det er sett tre hovudmål for temaplanen: styrke lønnsmda i hordalandslandbruket, auke produksjonen på lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket.

Planen har innsatsområde knytt til fire tema:

- › Areal og ressursgrunnlag
- › Auka lønnsemd i noverande produksjonar
- › Kompetanse og rekruttering
- › Drivarar for endring, inkludert klimatilpassing

Gjennom revisjonsarbeidet er to styringsdokument slått saman til eit. Dei to dokumenta er Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017 og Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015. Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022 blir ein temaplan med heimel i regional planstrategi og regional næringsplan. Fylkestinget vedtok den 7.mars 2018 i sak PS 20/2018 at Temaplanen for landbruk vert sendt ut på høyring.

Høyringsfrist: 1. mai. send til hfk@hfk.no Merk e-posten med 2017/14135